



Slik blir den flaskegrøne gensaren til idrettslaget

Uskedalen Idrettslag har sidan sist haust arbeidd med å få laga ein gensar og no er den ferdig utforma og snart klår til å bli teken i bruk, fortel Haldis Aakra til uskedalen.no.

Gensaren er flaskegrøn, type college og i storleikar frå seks år til XL. Frå seks til 12 år vil gensaren kosta 150 kroner og frå S til XL 200 kroner.

Gensaren vil ha logoane til alle dei fem sponsorane til idrettslaget. Spar Uskedalen er hovudsponsor og i tillegg er desse med og sponsar laget: Byggeriet, Auto88, Kvinnherad Maskin AS og Sparebank 1.

Gensaren kan bestillast på alle treningspartia til laget. Det vil også ligga bestillingsliste på Spar-butikken, der ein dessutan finn ei prøve på sjølve genser-typen.

UIL har sett bestillingsfristen til 1. februar og hvis alt går etter planen kan gensaren brukast frå slutten av februar, opplyser Haldis Aakra.

Vil du bestille direkte, så kan du trykkje [her](#).

Av Ola Matti Mathisen